



Ei sprudlande Evelyn Tveito syner fram retrosykkelen, kjøpt tidleg på 1980 talet på Samyrkjelaget i Uskedalen der Gunvald Friheim den gongen var seljar og avdelingsleiar.

**Ein Cresent damesykkel frå tidleg 1980 tal fekk eit nytt liv i Rosendal. Evelyn Tveito er godt nøgd med gåva ho fekk frå Uskedalen. Ho brukar sykkelen dagleg både til og frå arbeid på Rådhuset og på handel i Skålagato. Dette var den andre sykkelen til Eli Bringedal Myklebust, kjøpt på Samyrkjelaget den gongen Gunvald Friheim selde Tv, radioar, kvitevarer og sykklar.**

Evelyn Tveito, som til dagleg jobbar på økonomikontoret på Rådhuset, har interesse for retro og gjenbruk. Etter ho la ut på Facebook bilete av ein tilsvarande sykkel, fekk ho svar frå Beinavikjo i Uskedalen med klar melding om å koma og henta Cresent sykkelen, som har tre gir og er lettrødd.

Evelyn med bestemor frå Uskedalen fortel til Uskedalen.no at sykkelen var klar for bruk Det var berre å pumpa lufta i dekk. Ho har fått på plass ringeklokke og ei korg framme på styret og ei bak på bagasjebrettet. Sykkelpumpa er funnen og vert overlevert Evelyn med det fyrste. Dette er den mest kule sykkelen i Skålagato og heile Rosendal, seier Evelyn. Eli Bringedal Myklebust er glad for at sykkelen er i bruk. Det burde vore den fyrste sykelen hennar frå 1960 talet, men den var diverre kasta.

La oss sjå på dette som ei gladsak, om gjenbruk og ein 35 år gamal sykkel som fekk eit nytt liv i Rosendal i staden for å enda på SIM.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal